



DEN NORSKE KYRKJA

Suldal kyrkjelege fellestråd

Det kongelige kulturdepartementet

postmottak@kud.dep.no

Vår ref:

Dato: 30. oktober 2014

HØYRINGSUTTALE - STATEN OG DEN NORSKE KIRKE – ET TYDELIG SKILLE

Suldal kyrkjelege fellestråd gir følgjande uttale til høyringsnotatet «Staten og Den norske kirke – et tydelig skille:

Den norske kyrkja som rettssubjekt

Suldal kyrkjelege fellestråd er samd i at kyrka sentralt skal vera eit eige rettssubjekt. I høyringsnotatet er denne eininga kalla *Den norske kirke*. Dette omgrepet får, som også nemnd i høyringsnotatet, ei dobbeltyding både som heile kyrkja samla (alle sokn og det nye rettssubjektet) og som det nye rettssubjektet. Dette kjem til syne i forslaget til ny § 2 i kyrkelova der omgrepet *Den norske kirke* er brukt i slik dobbeltyding. Suldal kyrkjelege fellestråd vil rå til at omgrepet *Kirkemøtet* blir brukt om det sentrale rettssubjektet i kyrkja slik at det kjem klart fram kva eining kyrkelova omtalar. *Den norske kirke (Den norske kyrkja)* kan då nyttast som samleomgrep for heile kyrkja.

Soknet som grunnleggjande eining

Suldal kyrkjelege fellestråd støttar departementet sitt forslag om å vidareføra soknet som grunnleggjande eining i kyrkja, og at soknet har rettsleg sjølvstende. Det er tatt inn forslag til nytt ledd i § 2 er at «*Hvert sokn skal være betjent av prest...*». Dette kan forståast slik at forholdet mellom prest og sokn skal halda fram slik som nå med prestetenesta organisert ved sida av soknet. Suldal kyrkjelege fellestråd meiner at prestetenesta og soknet sine organ må knytast sterkare saman.

Overføring av arbeidsgivaransvar

Suldal kyrkjelege fellesråd er positiv til at verksemds- og arbeidsgivaransvaret for dei statleg tilsette blir overførte frå staten til det nye sentrale rettssubjektet i kyrkja. I høyringsnotatet er det lagt ein del føringar på korleis dette skal vidare organiserast med høve til delegering frå Kyrkjemøtet til biskop og prost. Suldal kyrkjelege fellesråd finn det unødvendig å gi detaljerte føringar på organiseringa då Kyrkjemøtet har starta arbeidet med å utarbeida ei framtidig kyrkjeordning der det er eit mål at alle kyrkjelege tilsette skal ha ein felles arbeidsgivar. Ei lovfesting av organisering av prestenesta kan leggja føringar på den framtidige kyrkjeordninga. Suldal kyrkjelege fellesråd meiner Kyrkjemøtet må få mynde til å organisera prestenesta og gi delegasjonar som er naudsynte.

Det må leggjast til rette for at det blir ein trygg og føreseieleg prosess for overføring av dei statleg tilsette til ein ny arbeidsgivar.

Klageorgan

I høyringsnotatet er det foreslått at det skal opprettast ei klagenemnd for å handtera oppseiingssaker, disiplinærsaker mm. Suldal kyrkjeleg fellesråd meiner at ein ikkje treng ei eiga nemnd for dette og at endeleg avgjerd i slike saker bør liggja hos arbeidsgivar. Arbeidsmiljølova regulerer handteringa av slike saker, og det vil vera uheldig å ha to ulike ordningar for kyrkjeleg tilsette.

Det kan vera behov for moglegheit til klage på forvaltningsvedtak i kyrkjelege organ noko tilsvarande ordninga Fylkesmannen har ovafor kommunane.

Delegasjon

Høyringsnotatet legg opp til at det kan delegerast frå Kyrkjemøtet til biskop og prost. Det vil seia at Kyrkjemøtet ikkje kan delegera til soknet. Det er vidare foreslått at sokna sine organ kan delegera oppover til bispedømmerådet. Verknaden av desse forslaga vil gjera det vanskeleg med utprøving av til dømes felles arbeidsgivaransvar.

Suldal kyrkjelege fellesråd støttar KA sitt forslag om å ta inn følgjande tillegg til siste ledd i §§ 9, 14 og 23:

§ 9: Menighetsrådet utfører for øvrig de oppgaver som etter avtale blir overlatt det av Kirkemøtet.

§ 14: Kirkelig fellesråd utfører for øvrig de oppgaver som etter avtale blir overlatt det av det enkelte menighetsråd eller av Kirkemøtet.

§ 23: Bispedømmerådet utfører for øvrig de oppgaver som etter avtale blir overlatt det av menighetsråd eller kirkelig felleråd.

Organisatorisk todeling av Den norske kyrkja

I dag er det ei organisatorisk todeling i kyrkja som er med å bidra til usikkerheit, ekstraarbeid og byråkrati. Eit mål frå Kyrkjemøtet er å arbeida mot felles arbeidsgivaransvar for alle kyrkjelege tilsette. I høyringsnotatet er det foreslått å lovfesta at det skal vera prest i alle sokn, prost i alle prosti og biskop i bispedømme. Suldal kyrkjelege fellesråd er samd i at det blir lovfesta at det skal vera prest i alle sokn og biskop i alle bispedømme. Kyrkja bør vera fri til å organisera eit mellomnivå, og prosti og prostestillingar bør ikkje lovfestast.

I høyringsnotatet er det og foreslått at gjeldande økonomireglar for sokna skal vidareførast. Desse økonomireglane ligg nær opptil dei kommunale. For det nye rettssubjektet er det foreslått at rekneskapslova sine reglar skal gjelda. Same økonomiregelverk og rekneskapsprinsipp bør gjelda for heile kyrkja, både sentralt og lokalt. Dette kan leggja til rette for meir effektive og rasjonelle økonomi- og rapporteringsrutinar for Den norske kyrkja. Felles økonomiprogram og rådgiving vil bli enklare med eit felles økonomiregelverk.

Finansiering av kyrkja

Suldal kyrkjelege fellesråd er samd i at staten sitt finansieringsansvar blir lovfesta.

Overføringa frå staten må dekkja ekstra kostnader som vil oppstå i samband med overføringa av kyrkja sentralt til eit eige rettssubjekt.

Det er ikkje nemnt noko om statlege midlar til trusopplæring i høyringsnotatet. Dette bør omtalast meir forpliktande i § 22.

Med helsing

Anne Margrete Høie
leiar


Anne Marit Øvstebo
kyrkjeverje